

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK

ARKIVKODE: 2011/2171 - 432.2

DATO: 02.05.2014

NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØYRINGSUTTALE TIL KONSESJONSSØKNADEN TIL GJENGEDAL KRAFTVERK I GLOPPEN

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har gjort seg kjend med planane om kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget, som er skildra i konsesjonssøknaden. Verneområdestyret registrerer at planane er tilpassa reglane verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og at planane ikkje fører med seg inngrep som treng løyve frå verneområdestyret.

Verneområdestyret har likevel nokre innspel til konsesjonssøknaden.

- **Val av alternativ**

Alternativ 2 vil ikkje føre til fysiske inngrep inn i landskapsvernområdet, og vil derfor vere å føretrekke framfor alternativ 1 som vil føre med seg ei mindre regulering av Storevatnet.

Sjølv om regulering av Storevatnet i alternativ 1 vil vere innanfor naturleg vasstandsvariasjon, so vil det kunne medføre ei «køyning» av vatnet som skil seg frå dei naturlege endringane i vasstand. Til dømes kan magasinering av vatn på vinteren og våren føre til at det kjem overvatn oppå isen. Det vil vere veldig uheldig for dei som brukar vatnet og området vidare innover til skiturar på seinvinteren og rundt påske.

- **Vasstand**

Dersom alternativ 1 vert valt, vil det innebere ei regulering på inntil 0,7 m for Storevatnet og 0,9 m for Dalevatnet. Mesteparten av Storevatnet ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og vatnet er eit særskilt viktig landskapselement for denne delen av verneområdet. Særleg rundt innte delen av Storevatnet er det sand- og steinstrand i vasskanten og stadvis ganske langgrunt. Det betyr at sjølv ei regulering med låg reguleringshøgde, vil kunne ha stor visuell effekt.

I delar av året er det naturleg låg vasstand og i desse periodane er dette ein naturleg situasjon. Derimot vil det vere unaturleg, både visuelt og for naturmiljøet i og rundt vatnet, om vatnet vert køyrt ned mot lågaste regulerte vasstand (LRV) i periodar når vatnet normalt sett skal ha høg vasstand. Det vil og vere unaturleg og uheldig om vatnet vert halde nede mot LRV over lengre tid.

Dette omsynet er til ei viss grad sikra ved at vasstanden i perioden 15.mai til 1.juli ikkje skal vere lågare enn 30 cm under høgaste regulerte vasstand (HRV). Dette av omsyn til hekkande storlom.

Verneområdestyret vil oppmode om at køyring av magasina vert lagt opp slik at ein unngår lange periodar med unaturleg låg vasstand for årstida.

- **Landskapstilpassa og lite synlege installasjonar og inngrep**

Sjølv om alle installasjonar og inngrep er planlagt utanfor landskapsvernområdet, vil fleire av dei vere synlege frå verneområdet og vil kunne prege landskapets art og karakter. Verneområdestyret vil derfor oppmode om at alle installasjonar og inngrep vert tilpassa landskap og terreng, og at dei vert gjort so diskret og lite synleg som råd er.

- **Parkeringsplass**

Verneområdestyret noterer seg planane om å lage parkeringsplass med utkikkspunkt av tunnelmasse og er sær positive til dette. Vi vil og oppmode om at her vert laga til rastebord, informasjonstavle og toalett.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Gloppen kommune